

Hallingdal brann- og redningsteneste iks

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Møtestad: Teams
Møtedato: Torsdag 30.11.2023
Tid: 12⁰⁰ – 15⁰⁰
Handsama saker: 2/23 – 9/23
Tilstades: Solveig Vestenfor, Ål kommune, leiar
Heidi Granli, Gol kommune, nestleiar
Merete Gandrud, Flå kommune
Kristian Nordeng, Nesbyen kommune
Pål Rørby, Hemsedal kommune


Forfall: -


Andre: Håkon Myro, styreleiar
John Bjella, brannsjef

Diverse merknadar: ingen

Underskrifter:

Stad: Torpomoen
Dato: 30.11.2023


Solveig Vestenfor
leiar


John Bjella
brannsjef

Møteprotokoll er sendt til:

- Hemsedal kommune
- Gol kommune
- Ål kommune
- Nesbyen kommune
- Flå kommune

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Tittel
Sak 02/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 03/23	Konstituering av nytt rep.skap (leiar/nestleiar)?
Sak 04/24	Val av styre i HBR (om namna er klare)
Sak 05/23	Årsregnskap og årsmelding 2022
Sak 06/23	Budsjett 2024
Sak 07/23	Auka låneramme - dekking av kostnader med ekstraordinære hendingar
Sak 08/23	Revidert selskapsavtale



SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

2/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak i Representantskapet:

Innkalling og sakliste vert godkjent

3/23 Konstituering av nytt rep.skap

Vedtak i Representantskapet:

Pål Rørby er valt til leiar og Merete Gandrud som nestleiar i rep.skapet.

Til Sør-Øst 110 IKS vert Pål Rørby valt som møtande til rep.skapet, med Merete Gandrud som 1. vara og Anne Kari Eriksen som 2. vara.

4/23 Val av styre i HBR

Saksopplysningar:

I tråd med selskapsavtala skal kommunane foreslå to personar (medlem og en vara) frå kvar kommune til styret i HBR. Dei tilsette vel fire representantar (to medlemmer og to vara). Rep.skapet vel styret.

Her er status på forslag frå kommunane pr. i dag:

Flå:

Ikkje foreslått kandidatar enno.

Nesbyen:

Valstyret har innstilt på Endre Storhaug og Linda Øye. Det er ikkje prioritert mellom medlem/vara. Kommunestyret kjem med endeleg tilråding.

Gol:

Bård Hagen med Britt Vikane som vara. Som innstilt.

Ål:

Håkon Myro med Gudveig Fingarsen som vara. Som innstilt.

Hemsedal:

Innstillinga frå valutvalget var Helene Sagabråten som kvinneleg rep. og Tore Flaget eller Christoffer Boge som mannleg representant.

Kommunestyret innstilte på Helene Sagabråten og Tore Flaget. Det er ikkje foreslått medlem/vara frå kommunestyret. Rep.skap prioriterar ut frå kjønnsbalanse.

Tilsette:

Medlem: Øystein Tårneby. Vara: Steffen Strandos

Medlem: Mirjam Borgen. Vara: Vidar Gjestmoen

Vedtak i Representantskapet:

Saka vert utsett til 15. desember.

5/23 Årsregnskap og årsmelding for 2022**Saksopplysningar:**

Samla for begge områder viser regnskapet eit negativt resultat på kr. 2.875.072 -. Det var budsjettert med eit negativt resultat på kr. 1.120.000, - som skulle dekkast frå fond. Meirforbruket i forhold til budsjett blei derfor kr. 1.755.072, som i all hovudsak er på sjølvkostområdet Feiertjenester pga. vesentleg lågare gebyrinntekter enn budsjettert (sjå kommentarar under). Fordi me har eit negativt sjølvkostfond så vert meirforbruket på sjølvkost dekt inn av disposisjonsfondet. Kr. 2.875.072, -, pluss kr. 44.526,- til finansiering av utgifter i kapitalregnskapet, totalt kr. 2.919.588,- er dekt inn av disposisjonsfondet.

Tjeneste 3391 – Brann og ulykkesberedskap

Brann og ulykkesberedskap hadde eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr. 65.877, - Det var budsjettert med eit negativt resultat på kr 1.120.000,- som skulle dekkast inn av disposisjonsfondet. Mens det på dette området vart eit negativt resultat på. kr. 1.185.877, - Det er vesentleg overskriding på kostnader, men auka inntekter gjer at resultatet er omtrent som budsjettert. Hovudtrekka i årsakane til høgare kostnader er:

- Høgare kostnader på varer og tjenester.
- Høgare kostnader pga. fleire utrykningar enn budsjettert og storbrannen i Hemsedal. Kostnaden med brannen i Hemsedal vart dekt inn frå eigarkommunene. Antal utrykningar har auka med 60% frå 2016
- Det vart ikkje budsjettert kostnader for andre deltakande brannvesen på lovpålagt Utrykningslederkurs som me arrangerte regionalt (Numedal, Valdres og Hallingdal) i regi av Brann og redningsskolen. Men det blei dekt inn av auka inntekter.
- Det vart i 2022 redusert ytterlegare på antal øvingar for å redusere kostnader. Antal øvingstimar pr. tilsett er no halvert frå 60 timar i 2018, til 30 i 2022 for å redusere kostnader. Me er no i ein situasjon der me har for få øvingstimar for å dekkje kompetansekravet på dei oppdraga me utfører.
- Grunnkurs i 2022 utgjorde det meste av det budsjetterte meirforbruket som var budsjettert med å dekke frå disposisjonsfondet.
- Høgare inntekter dekkja meirforbruket utover budsjett:
 - Eigarkommunene dekte kostnaden med storbrannen i Hemsedal.
 - Det vart solgt fleire kurs som medførte høgare inntekter enn budsjettert.
 - Inntekter frå andre deltakande brannvesen på grunnkurs dekkja kostnadssida som ikkje vart budsjettert.

I sum førte dette til at resultatet på dette området vart omtrent som budsjettert.

Tjeneste 3382 – Feietenester (sjølvkostområde)

Resultatet vart eit meirforbruk på kr. 1.689.936.

Det var budsjettert med at tenesta skulle ha eit meirforbruk på kr. 437.000,-. Kr. 1.408.010, - av avviket skyldas lågare gebyrinntekter. Meirforbruket vart dekkja inn av disposisjonsfondet fordi sjølvkostfondet er negativt. Tenesta har eit negativt sjølvkostfond på kr. 1.907.537 som selskapet må dekke inn i løpet av dei neste fem åra.

Det er i 2022 brukt Kr. 2.919.588, - av disposisjonsfondet for å dekke meirforbruket. Disposisjonsfondet er med det redusert frå kr. 3.878.102, - til kr. 965.515, -

Brannsjefen si tilråding til vedtak

1. Styret vedtek årsregnskapet for 2022
2. Styret godkjenner årsmeldinga for 2022
3. Årsregnskapet for 2022 vert lagt fram for representantskapet for endeleg godkjenning
4. Årsmeldinga for 2022 vert lagt fram for representantskapet til orientering
5. Årsrekneskap og årsmelding for 2022 vert lagt fram for kommunestyra som meldingssak

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek årsregnskapet for 2022
2. Styret godkjenner årsmeldinga for 2022
3. Årsregnskapet for 2022 vert lagt fram for representantskapet for endeleg godkjenning
4. Årsmeldinga for 2022 vert lagt fram for representantskapet til orientering
5. Årsrekneskap og årsmelding for 2022 vert lagt fram for kommunestyra som meldingssak

Vedtak i representantskapet:

1. Representantskapet vedtek årsregnskapet for 2022
2. Representantskapet tek årsmelding for 2022 til orientering
3. Årsrekneskap og årsmelding for 2022 vert lagt fram for kommunestyra som meldingssak

Vedlegg:

- **Årsregnskap for 2022**
- **Årsmelding for 2022**
- **Revisjonsberetning for 2022**
- **Uttale frå leiinga**

6/23 Budsjett for 2024

Saksopplysningar:

Lønnskostnader:

Selskapet er i den situasjonen at me har for få øvingstimar for å dekkje kompetansekravet på dei oppdraga me utfører, etter at talet på øvingstimar pr. tilsett er halvert frå 2018 til no for å redusere kostnader. Omlag 70% av kostnadene i selskapet er lønn. Utrykingar har auka med 60% frå 2016 til i dag. Det er difor umogleg å spare meir kostnader på lønn utan å redusere på tenestene.

Selskapet har ikkje gjennomført lovpålagt kurs for arbeid i høgda. Det er difor lagt inn kr. 550.000,- for å kurse alle for å tilfredsstille krava. (8 timar x 90 tilsette)

Utover det er det lagt inn 5% lønsauke.

Driftskostnader:

Budsjetta til selskapet har dei siste åra auka vesentleg mindre enn kostnadsauken på same tid. Det har ført til at me over fleire år har utsett å ta kostnader på slitt utstyr. Det gjer at utstyr ein må ha for løyse oppdraga til slutt er utslitt eller ryk. Me har eit stort etterslep på utskifting av verneklede, sko og hjelmar. Og me har for få røykdykkarflasker. Men fordi mange av dei postane me ikkje kan styre aukar mykje så har me lagt inn svært lite auke på andre postar. Mange av dei største postane på driftskostnader har me ikkje mogelegheit til påverke sjølv. For eksempel:

- Nødnetskostnader (Datakommunikasjon) som aukar med ca. 100.000, - til ca. 1 million. (delvis auke/delvis for lågt budsjettert før)
- Andre driftsutgifter til transportmidler er det lagt inn auke på 91.000, - som er kostnadsauke på service, vedlikehold, eu-kontroll, dekk, drivstoff osv.
- Lisensar programvare. Her får me ein kostnad på kr. 90.000, - som me ikkje har hatt før fordi kommunane fordeler kostnader på alle kommunale selskap, dette gjeld bla. Sak/arkiv-system, der me får same kostnad som ein kommune, sjølv om de har langt færre brukakar.
- Kjøp frå interkommunale samarbeidstiltak - Sør-Øst 110. Det er ikkje lagt inn auke. Det er ein kostnad på kr. 1.1 million som me heller ikkje kan påverke sjølv.

Representantskapet vedtok i budsjettet for 2023 å ikkje ta kostnader med garderobeanlegg for kursverksemda på Torpomoen, men var positive til tiltaket og ba styret finne løysingar for å få det til innanfor eksisterande ramme. Det er gjort ved bla. å fakturere kostnader for unødige alarmer, samt at det er solgt fleire kurs med pålagte fasilitetar på plass. Men på kostnadssida auka difor posten på husleige med 114.000,- Som vert dekt inn med auka inntekter.

Utover det kan det nemnast at leasingkostnader aukar fordi fleire eigde småbilar går over til leasing. Dette fordi låneramma er for trong til å kunne ta opp lån utover brannbilar.

Oppsummert utgjer budsjettet ein vesentleg auke for eigarkommunane, men det er som forklart ovanfor eit svært nøkternt budsjett for selskapet.

Totalbudsjettet på kr. kr 31.211.210, - utgjer følgende pr. kommune:

Kommune	Eigarandel*	Kostnad 2024	auke frå 2023
Hemsedal	21,46	kr 6 697 926	kr 793 228
Gol	24,71	kr 7 712 290	kr 913 358
Ål	23,40	kr 7 153 609	kr 847 194
Nesbyen	18,40	kr 5 736 620	kr 679 382
Flå	12,58	kr 3 910 765	kr 463 148

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 31.211.210,-. For kvar einskild eigar utgjer kostnaden:
 - a. Ål: kr 7 153 609
 - b. Gol: kr 7 712 290
 - c. Hemsedal: kr 6 697 926
 - d. Nesbyen: kr 5 736 620
 - e. Flå: kr 3 910 765
2. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek investeringsbudsjettet for 2024 som framlagt, med låneopptak på kr. 4.800.000,- Avdragstida på lånet skal vera 20 år. Dette gjeld tankbil til Flå. Flå har for tida ikkje tankbil. Vedteke brannordning krev tankbil på Flå.
3. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.
4. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet til endeleg godkjenning.

Vedtak i styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks:

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 31.211.210,-. For kvar einskild eigar utgjer kostnaden:
 - a. Ål: kr 7 153 609
 - b. Gol: kr 7 712 290
 - c. Hemsedal: kr 6 697 926
 - d. Nesbyen: kr 5 736 620
 - e. Flå: kr 3 910 765
2. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek investeringsbudsjettet for 2024 som framlagt, med låneopptak på kr. 4.800.000,- Avdragstida på lånet skal vera 20 år. Dette gjeld tankbil til Flå. Flå har for tida ikkje tankbil. Vedteke brannordning krev tankbil på Flå.
3. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.
4. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet til endeleg godkjenning.

Etter styremøtet vart det gjennomført møte mellom Rådmenn/kommunedirektørar og brannsjef og styreleiar:

Kommunedirektørane hadde følgande innspel (i korte trekk):

- Det må reduserast i kostnadene
- Det skal ikkje reduserast på tenester med konsekvens for liv/helse
- Selskapet må fakturere kostnad med oppdrag som ikkje er innanfor brannvesenet sitt lovpålagte område.

Etter dette møtet vart budsjettet redusert med 295.000,- i. Som utgjer følgande auke pr. kommune:

Kommune	Eigarandel*	Kostnad 2024	auke frå 2023
Hemsedal	21,46	kr 6 627 082	kr 722 384
Gol	24,71	kr 7 630 717	kr 831 786
Ål	23,40	kr 7 077 946	kr 771 531
Nesbyen	18,40	kr 5 675 944	kr 618 706
Flå	12,58	kr 3 869 401	kr 421 784

Endeleg framlegg til vedtak frå styret er etter dette:

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 30.881.090,-. For kvar einiskild eigar utgjer kostnaden:
 - a. Ål: kr 7 077 946
 - b. Gol: kr 7 630 717
 - c. Hemsedal: kr 6 627 082
 - d. Nesbyen: kr 5 675 944
 - e. Flå: kr 3 869 401
2. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek investeringsbudsjettet for 2024 som framlagt, med låneopptak på kr. 4.800.000,- Avdragstida på lånet skal vera 20 år. Dette gjeld tankbil til Flå. Flå har for tida ikkje tankbil. Vedteke brannordning krev tankbil på Flå.
3. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.
4. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet til endeleg godkjenning.

Vedtak i representantskapet:

1. Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 30.881.090,-. For kvar einiskild eigar utgjer kostnaden:
 - a. Ål: kr 7 077 946
 - b. Gol: kr 7 630 717
 - c. Hemsedal: kr 6 627 082
 - d. Nesbyen: kr 5 675 944
 - e. Flå: kr 3 869 401
2. Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek investeringsbudsjettet for 2024 som framlagt, med låneopptak på kr. 4.800.000,- Avdragstida på lånet skal vera 20 år. Dette gjeld tankbil til Flå. Flå har for tida ikkje tankbil. Vedteke brannordning krev tankbil på Flå.
3. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.

Vedlegg:

- Exel-dokument budsjett 2024
- Handlings- og økonomiplanen 2024-2026

Saksopplysningar:

Styret har i sak 7/23 handsama følgande sak:

Representantskapet har bedt administrasjonen legge fram eit forslag til endring av selskapsavtala når det gjeld ekstraordinære hendingar, kva nivå som er ekstraordinært, og korleis kostnadene bør fordelast.

Det er behov for å auke låneramma. Styret og rep.skapet har tidlegare behandla saka, rep.skapet ba i sitt vedtak administrasjonen koordinere nivået på låneramma med kommunedirektørane. Saka er tatt opp med dei i eit møte utan at det vart konkludert.

Det er i tillegg behov for nokre endringar som følge av endring i lovverket.

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Sakshandsaming i styret:

Eigarkommunane må dekkje kostnadene med eit oppdrag/hending brannvesenet er ute på (brann, ulykke o.l.), der kostnaden med dette oppdraget/hendinga er så stor at den reknast som ekstraordinær. Ekstraordinær vil si at oppdraget/hendinga skjer sjeldan og kostnaden er så stor at den er langt utover det ein kan forvente- og planlegge for i eit normalt budsjettår. Styret meiner at grensa for at oppdraget/hendinga kan reknast som ekstraordinær er at kostnaden med det aktuelle oppdraget er 4,16% av beredskapsbudsjettet eller meir. 4,16% er omlag det nivået den totale budsjettauken er pr. år i HBR.

Styret meiner framleis at låneramme 35 millionar som styret tilrådde i sak 17/22 er rett nivå. Låneramma til HBR er ikkje endra dei siste 13 åra.

Kopi av vedtak i sak 17/22:

Vedtak i styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks:

Styret tilrår for representantskapet å auke låneramma for HBR frå 12 millionar til 35 millionar. Økt ramme på grunn av prisstigning og oppgradering av øvingssenter til evt. regionalt øvingssenter og utstyr til regionalt materiell. I tillegg behov som kan komme i følge av reviderte analyser.

Vedtak i styret:

Styret tilrår for representantskapet at følgande vert teke med i den planlagd reviderte selskapsavtala:

1. Eigarkommunane må dekkje kostnad som HBR har ved ekstraordinære oppdrag(brann, ulykke og liknande.) der kostnaden med oppdraget er 4,16% eller meir av beredskapsbudsjettet til HBR.
2. Låneramma til HBR aukast frå 12 til 35 millionar.

Vedtak i representantskapet:

Representantskapet vedtek at følgande vert teke med i den planlagd reviderte selskapsavtala:

1. Eigarkommunane må dekkje kostnad som HBR har ved ekstraordinære oppdrag(brann, ulykke og liknande.) der kostnaden med oppdraget er 4,16% eller meir av beredskapsbudsjettet til HBR.
2. Låneramma til HBR aukast frå 12 til 35 millionar.

8/23 Revidert selskapsavtale

Saksopplysningar

Selskapsavtala må endrast på følgande punkt:

1. Pkt. 1.5 nytt avsnitt/alt. Nytt punkt 1.6 - 7/23. ang. dekking av kostnader med ekstraordinære hendingar.
2. Pkt. 6.3, 2. avsnitt - Låneramme må endrast til det rep.skapet vedtek i sak, samt at siste setning om at «låneopptak må godkjennast av departementet (delegert fylkesmannen)» må fjernast. Det er ikkje krav før ei av eigarkommunane ev. kjem på ROBEEK

Vedtak i representantskapet:

Endringane vert vedteke. Revidert selskapsavtale vert lagt fram for endeleg handsaming i kommunestyra i eigarkommunane.

Vedlegg:

- Selskapsavtale med markerte endringar
- Selskapsavtale forslag til revidering

Saksopplysningar

Det kom ingen saker på eventuelt